



Mona Grindheim
Dortledhaugen 148
5237 RÅDAL

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2895 - 14/11658

Saksbehandlar:

Line Hervig

line.hervig@radoy.kommune.no

Dato:

10.11.2014

Byggesak Gbnr 45/309 Manger - garasje - søknad om løyve til tiltak - mellombels svar

Viser til ditt brev datert 14.10.2014 om oppføring av garasje på eigedom gbnr.45/309 Manger.

Søknaden dykkar krev dispensasjonar. Utnyttingsgrad på tomte er på 25 % BYA. Kommunen sine berekningar viser at tiltaket dykkar krev ei utnyttingsgrad på 36 % BYA. Det må søkjast om følgjande dispensasjonar før saka kan handsamast:

- Dispensasjon frå utnyttingsgrad på eigedomen, etter plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og Kommuneplan for Radøy kommune pkt. 2.6.
- Dispensasjon frå avstand nabogrense veg, etter plan- og bygningslova § 19-2, jf. plan- og bygningslova § 29-4(2).
- Dispensasjon frå avstand vegmidte etter veglova. Sjå vedlagt søknadsskjema.

Søknad om dispensasjon må vere grunngjeve, jf. plan- og bygningslova § 19-1.

Radøy kommune som eigar av kommunal veg må nabovarslast.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Line Hervig
jurist/ byggesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mona Grindheim

Dortledhaugen
148

5237

RÅDAL